

FORSKRIFT OM REGLEMENT FOR ORDEN OG ÅTFERD I SKULANE I FØRDE, GAULAR, JØLSTER OG NAUSTDAL KOMMUNAR.

§ 1. Heimel

Med bakgrunn i St.vedtak 08.06.17 om samanslåing av kommunane og Opplæringslova § 9A-10 har skuleeigar i dei fire kommunane samt Fellesnemnda for samanslåing av kommunane, fastsett forskrift om felles reglement for orden og åtfærd for grunnskulane i dei fire kommunane og for Sunnfjord kommune frå 01.01.20.

§ 2. Føremål

Reglementet skal føre til at skulane er prega av eit arbeids- og læringsmiljø som fremmar samarbeid, respekt, fagleg konsentrasjon, ro og orden.

§ 3. Verkeområde.

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular. Reglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, for eksempel leirskule og skuleturar. Det gjeld og på skulevegen og skulearrangement utanom skuletid.

Reglementet kan også verte gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, gjeve at oppførselen til elevane har tilstrekkeleg tilknytning til skulen.

Forskrifta gjelde også for SFO og leksehjelp. Vedtektene for SFO inneheld meir detaljerte reglar for dette.

Dette gjeld og for leksehjelp.

I tillegg til ei felles forskrift for skulane, skal den einskilde skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtfærd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta vare på eit godt læringsmiljø og elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Rektor fastset det lokalt trivselsreglement etter at skulemiljøutvalet ved skulen har handsama og kome med innspel til dette. Rektor skal syte for at det lokale trivselsreglementet ikkje er i strid med den kommunale forskrifta.

§ 4. Rettar


Som elev har du rett på:

- at alle handsamar deg på ein ordentleg måte
- at andre syner deg respekt og let eigendelane dine vere i fred
- at du skal vere fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- at du får eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- at tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller farlege hendingar

§ 5. Plikter

Som elev har du plikt til å:

- handsame andre på ein ordentleg måte
- syne respekt og la andre og skulen sine eigendelar vere i fred
- ikkje plage eller mobbe nokon, korkje fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø



§ 6. Reglar for god orden.

- Møte presis til timar og avtalar
- Møte førebudd til opplæring
- Ha med nødvendig utstyr du har fått tildelt og ta vare på det
- Halde fristar og gjere arbeid til rett tid
- Halde god orden

§ 7. Reglar for god åtfærd

- Syne omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering m.m.
- Syne respekt for undervisninga og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane
- Rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- Følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- Syne nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefon, datautstyr og digitalt utstyr
- Følgje skulen sine reglar for bruk av hjelpemidlar og spesialutstyr

Oppførsel som ikkje kan aksepteras:


- Trakassering eller mobbing
- True med eller utøve fysisk vald
- Fusk eller forsøk på fusk
- Ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmidlar
- Bruk av tobakk eller snus på skulen sitt område eller når skulen har tilsynsansvar
- Ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen
- Bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet

§ 8. Bruk av elektroniske hjelpemiddel.

- IKT-utstyr som vert brukt i skuletida, skal brukast til skulerelaterte oppgåver
- Privat IKT-utstyr som mobiltelefon, nettbrett, berbare datamaskiner og liknande, skal berre brukast etter avtale med skulen
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr, skal ikkje innehalde tekst, bilde, lyd eller video som kan verke støyande eller henge ut enkeltpersonar eller grupper
- Publisering av bilde, lyd og video på nett krev samtykke frå dei som vert eksponert
- Elevane kan ikkje installere privat programvare på kommunalt utstyr
- Brukarnamn og passord er privat og skal berre brukast av den aktuelle eleven
- IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvar, men åtfærd som har tydeleg tilknytning til skulen, kan falle inn under skulen sitt ansvarsområde
- Brot på regelverket vil føre til tiltak frå skulen

§ 9. Tiltak ved brot på reglane for orden og åtfærd.

1. Munnleg rettleiing frå lærar
2. Merknad
3. Munnleg rettleiing frå rektor/skuleleiar
4. Inndra rusmidlar, farlege gjenstandar og utstyr som forstyrrar undervisninga
5. Skriftleg melding til foreldre/føresette
6. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid, ev. friminutt for å rette opp skader eller tilhøve eleven er ansvarleg for.
7. Skulen kan og vurdere ein meklingsprosess i regi av konfliktrådet.
8. Bortvising frå undervisning for enkelttimar, enkeltarrangement eller resten av dagen



9. Bortvising i inntil tre dagar (8.-10. kl.) (Oppl.lov § 9A-11)
10. Mellombels eller permanent byte av klasse/gruppe (jamf. Skriv KD 26.04.18.)
11. Mellombels eller permanent byte av skule (Oppl.lov § 8-1)

Fysisk refsing eller kollektiv straff er ikkje tillate.

Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, kan det føre til nye tiltak.

§ 10. Vurdering av orden og åtferda til eleven.

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta, samt skulen sitt lokale trivselsreglement. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje fastsettast ut frå anna vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakteren i orden og åtferd vil som eit hovudprinsipp, verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar om det gjeld særleg grove brot på reglementet.

§ 11. Politimelding

Alvorlege hendingar og skadeverk vil bli meldt til politiet.

§ 12. Erstatningsansvar.

Ved skadeverk på skulen sin eigedom kan elev og/eller foreldre/føresette verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. (Skadeerstatningsloven § 1.1 og 1.2.)

§ 13. Sakshandsaming ved bruk av tiltak.

- Skulen skal sørge for at avgjer vert teke på eit forsvarleg grunnlag
- Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda
- Tiltaket skal grunngjevast. Dersom avgjera har særleg betydning, skal dette gjerast skriftleg
- Før avgjer om bortvising, skal skulen ha vurdert bruk av andre tiltak eller hjelpetiltak
- I alvorlege saker skal foreldre/føresette varslast så langt det er råd

Foreldre/føresette til elevar på 1-7 trinn skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av skuledagen.

Tiltaka i § 9 nr. 8 og 10 i denne forskrifta er å sjå på som enkeltvedtak og skal handsamast i tråd med reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

§ 14. Iverksetting og kunngjering.

Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt skuleeigar bestemmer.

Reglementet for orden og åtferd, både den kommunale forskrifta og skulen sitt lokale trivselsreglement skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år i byrjinga av skuleåret. Forskrifta og det lokale reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider. Rektor har ansvaret for at dette vert gjort.